

**Avtale**  
**om**  
**overdraging av justeringsrett og -plikt**  
**ved overdraging av veganlegg –Veg til Skipavika i Gulen kommune**

**Mellom**

**Skipavika Næringspark AS**

Org nr. 998 282 322

5777 Ånneland

Nedanfor nemnt som «Seljar»

**og**

**Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Org nr. 941 388 841

6863 Leikanger

Nedanfor nemnt som «Kjøpar»

Der Seljar og Kjøpar i fellesskap er nemnt som «Partane», er det i dag inngått følgjande avtale om overdraging av justeringsplikt og justeringsrett. («Avtalen»).

**1. Bakgrunn**

Seljar og Kjøpar har inngått avtale om overføring av veg til Skipavika i Gulen kommune frå Seljar til Kjøpar.

Føresett at Seljar ikkje har hatt frådrag for meirverdiavgift for vegutbygginga føresett partane at Kjøpar sin justeringsrett trer i kraft.

**2. Byggetiltak som vert omfatta av avtalen**

Veg til Skipavika i Gulen kommune skal overleverast frå Seljar til Kjøpar i løpet av 2018.

### 3. Justeringsoppstilling i samsvar med forskrift om mva. kap. 9.

Mal for justeringsoppstilling knytt til veg til Skipavika i Gulen kommune:

Innkjøps- eller fullførings-tidspunkt	Innkjøps- kostnad utan mva.	Total mva.	Frådragsført mva. ved innkjøp	Frådragsrett ved innkjøp i %	Seljars frådragsrett ved overføring gjeve i %	Kjøpars frådragsrett ved overføring gjeve i %	Resterande justerings- beløp for Seljar	Beløp for den justerings- plikt/rett som vert overført
???.???.2017	Kr 18 000 000	Kr 4 500 000	Kr 0 (null)	0%	0%	100%	Kr 4 500 000	Kr 4 500 000

Dokumentasjon av Seljar sine utgifter og frådragsførd meirverdiavgift skal dokumenterast av revisor.

### 4. Ansvar

Seljar har ansvar for at dokumentasjon og registrering rundt byggetiltaka i anlegget skjer i tråd med gjeldande lover og forskrifter.

Dersom opplysningar som er oppgjeve i Avtalen vert endra etter at Avtalen er inngått, pliktar Seljar å rette dette overfor Kjøpar dersom opplysningane kan påverke Kjøpar sin justeringsrett.

Dersom Kjøpar etter overtaking av justeringsrett plikter å endre sine tidlegare og/eller framtidige avgiftsoppgjer med staten i sin disfavør som fylgje av Seljars sine urette, mangelfulle eller manglande opplysningar i Avtalen, skal Seljar fullt ut erstatte meirverdiavgiftsbeløpet samt eventuelle renter og tilleggsavgift samt Kjøpars kostnader knytt til retting.

### 5. Oppgjer

Kjøpar betalar til Seljar all meirverdiavgift som kjøpar har krav på å få refundert og/eller kompensert frå Skatteetaten. Meirverdiavgifta blir betalt til Seljar innan 14 dagar etter at Kjøpar har motteke meirverdiavgiftsrefusjon for justeringstermin.

### 6. Oppbevaringsplikt

Avtalen skal oppbevarast av begge Partar i 5 år etter siste år i justeringsperioden. Seljar pliktar vidare å oppbevare rekneskapsdokument som danner grunnlaget for Avtalen i 5 år etter siste år i justeringsperioden.

### 7. Signering

Avtalen er i dag underteikna i 2 – to – likelydande eksemplar, der Partane får kvar sitt.

Leikanger

Dato: ??.??.2017

---

Skipavika Næringspark AS

---

Sogn og Fjordane fylkeskommune

**Vedlegg**

Følgande bilag er ein del av Avtalen:

---